Møte nr. 1/23

# BOKN KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

## MØTEINNKALLING

**Dato:** **onsdag 22 februar 2023**
**Tid:** **kl. 18.00**
**Sted:** **Bokn Arena**

**Forfall meldes til**: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf. 959 86 979 eller e-post: post@kontrollutvalgene.no

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gje melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vil bli innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg - jf. off.l.*, blir berre sendt internt. Sakskart vil lagt ut på kommunen si nettside www.bokn.kommune og på *www.kontrollutvalgene.no*

**Omvising på den nye skulen kl. 18.00 – 18.30**

**Saksliste:**

**1/23 Godkjenning av protokoll frå møtet 23.11.22**

**2/23 Tinging av revisjonsprosjekt – «Bokn skule - arbeidsmiljø»**

**3/23 Kontroll- og kvalitetsutvalet - årsmelding 2022**

**4/23 Referat- og orienteringssaker 22.02.23**

**Eventuelt**

Aksdal, 15.02.23

Anne Løvereide Faye
Utvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Kommunedirektør (er invitert)
Varamedlemmer (til orientering)

**BOKN KOMMUNE** **Saksframlegg**

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Utval** | **Møtedato** | **Saksnr** |
| Kontroll- og kvalitetsutvalet | 22.02.23 | **1/23** |
| | | |

| Saksansvarleg: | Arkivkode: | Arkivsak: |
|---|---|---|
| Odd Gunnar Høie | 033 | |

# GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 23.11.22

**Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Protokoll frå møtet i Bokn kontroll- og kvalitetsutval 23.11.22 blir godkjent slik han ligg føre.

**Vedlegg:** Protokoll frå møtet 23.11.22

**Saksorientering:**

Utkast til protokoll frå kontroll- og kvalitetsutvalet sitt møte 23.11.22 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje kommet merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar eller evt. møteleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 14.02.23

Odd Gunnar Høie
*Dagleg leiar/utvalssekretær*

Møte nr. 4/22

# BOKN KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

## PROTOKOLL

Onsdag **23. november 2022** blei det halde møte i Bokn kontroll- og kvalitetsutval under leiing av utvalsleiar Anne Løvereide Faye.

| | |
|---|---|
| **MØTESTAD:** | Bokn Arena, møterom Boknahåve |
| **MØTESTART/-SLUTT:** | kl. 18.00 – kl. 19.55 |
| **MØTANDE MEDLEMMER:** | Anne Løvereide Faye (uavh.), Kim Erik Larsen (H), Catharina Øvrebø (Sp) og Hans Jørgen Ognøy (KrF) |
| **MØTANDE VARAMEDLEM:** | 2. vara Edgar Våge (H) |
| **FORFALL:** | Daghild Grønnestad Alvestad (Sp) og 1. vara |
| **FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:** | Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS |
| **FRÅ ROGALAND REVISJON IKS**: | Forvaltningsrevisor Frode Gøthesen |
| **ANDRE SOM MØTTE:** | Ordførar Osmund Våga (Sp)<br>Kommunedirektør Ingeborg Skjølingstad<br>Kommunalsjef helse og omsorg Grethe E. Heimvik og einingsleiar pleie og omsorg May Lisbeth Fiskaaen i sak 23/22 |
| **MERKNADER TIL INNKALLING:** | Det blei igjen tatt opp at sakskart ikkje ligg på kommunen si nettside og i politikarportalen.. |
| **MERKNADER TIL SAKSLISTE:** | Ingen |

## FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

### SAK 22/22 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 07.09.22

**Sekretariatet si innstilling:**
Protokoll frå møtet i Bokn kontroll- og kvalitetsutval 07.09.22 blir godkjent slik han ligg føre.

**Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 23.11.22:**
Utvalet hadde ingen merknader.

**Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 23.11.22:**

*Protokoll frå møtet i Bokn kontroll- og kvalitetsutval 07.09.22 blir godkjent slik han ligg føre.*

## SAK 23/22 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – HELSE OG OMSORG

**Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**
Bokn kontroll- og kvalitetsutval tek kommunedirektøren si rapportering om ulike tema innan helse og omsorg til orientering.

**Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 23.11.22:**
Kommunalsjef helse og omsorg Grethe Heimvik og einingsleiar pleie og omsorg May Lisbeth Fiskaaen orienterte om stoda og viste ein presentasjon. Det blei gjort greie for overordna mål («bu lengst mogeleg heime») og strategi og fokusområda for 2022-23. For helse er det mange oppgåver fordelt på få tilsette (6) og innan pleie er dei ca. 40 tilsette, kor 35 er på sjukeheimen. Dei jobbar mellom anna med å få til fleire heiltidstillingar, tverrfagleg samarbeid ved kartlegging og søknader, nærværsarbeid og aktiviteter med grupper frå alle yrker, AMU og velferdsteknologi osb.
Dei hadde inga klagesaker på vedtak eller utøving av tenesta. Dei opplevde tvert i mot mykje skryt, særleg frå pasientar og pårørande til dei 72 som har vore som gjestepasientar sidan avtalen med sal av plassar til Karmøy kommune starta mars 2020. Til no i år har det vore 28 bebuarar, på dei 14 sengeplassane. Bokn kommune skåra høgt på Kommunebarometeret i 2021 med høgt kvalifisert helsepersonell, og dei har liten turnover. Av utfordringar blei auka alderssamansetting i kommunen og auka trong for hjelp trekt fram, Vidare blei det peika på ei auke av yngre, uføre personar, trong for styrke eksisterande kompetanse og rekruttere dei rette personane. For å løyse desse blei førebygging, fokus på tildelingkritriene og forventingsavklåring blant innbyggarane og budsjettoppfølging trekt fram.

Utvalet slutta seg til utvalsleiar sine ord om at ho hadde høyrt berre gode ord om helse og omsorg. Det blei uttrykt glede over at kommunen hadde valt å leggje seg høgt i lønn til sjukepleiarar. Utvalsleiar takka for ei informativ og detaljert orientering.

**Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 23.11.22:**

*Bokn kontroll- og kvalitetsutval tek kommunalsjefen og einingsleiaren sin rapportering om ulike tema innan helse og omsorg til orientering.*

## SAK 24/22 - FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «BOKN ARENA»

**Sekretariatet si innstilling:**
1. Bokn kommunestyre har merka seg det som kjem fram i forvaltningsrevisjonsrapport om «Bokn Arena» og tek denne til orientering.

2. Rapporten vert oversendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.

3. Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontroll- og kvalitetsutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

**Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 23.11.22:**
Forvaltningsrevisor Frode Gøthesen gjorde greie for rapporten og viste ein presentasjon. Han gjorde greie for føremål, problemstillingar og metode. Revisor gjorde vidare greie for hovudfunna i rapporten og kommunedirektøren sine kommentarar.

Revisor hadde i samandraget formulert følgjande hovudfunn:

*«Kommunerekneskapen syner at inntekter knytt til Bokn Arena, sidan 2018 har vært låge, noko som i stor grad kan sjåast i samanheng med lengre periodar med stengt hall grunna korona-pandemi. Kommunen manglar òg tilstrekkeleg oversikt over bruken av hallen i tida før år 2022, noko som ikkje gjer det mogleg å foreta ei vurdering av kommunen sin rett til mva-kompensasjon tilbake i tid. Det betyr òg at drifta av Bokn Arena ikkje er dokumentert på ein tilfredsstillande måte. Kommunen gjer no grep for å sikre ein tydelegare ansvars- og oppgåvefordeling, samt iverksetting av tiltak som skal ivareta openheit om økonomi og optimal bruk av hallen».*

Revisjonen meinte kommunen her hadde område som kunne forbetrast og hadde formulert tre tilrådingar.

Utvalet meinte rapporten bekrefta det dei hadde frykta, men dei hadde tru på at nytt timereservasjonssystem ville føre til forbetringar. Openheit frå Bokn Arena Event blei sterkt framheva og det blei trekt fram at store arrangement fører til meir slitasje på hallen og der igjennom auka vedlikehaldsutgifter.

Utvalet støtta innstillinga med tilbakemelding innan ni månader, slik at utvalet får denne til handsaming til hausten.
Leiar takka revisor for presentasjonen og ein nyttig rapport.

**Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 23.11.22 og innstilling til kommunestyret:**

1. *Bokn kommunestyre har merka seg det som kjem fram i forvaltningsrevisjonsrapport om «Bokn Arena» og tek denne til orientering.*

2. *Rapporten vert oversendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.*

3. *Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontroll- og kvalitetsutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

## SAK 25/22 VAL AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT I 2023

**Sekretariatet si innstilling:**
Bokn kontroll- og kvalitetsutval ber Rogaland Revisjon om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt om …………………. til neste møte på nyåret 2023.
Utvalet har følgjande innspel til tema/problemstillingar: ………..

**Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 23.11.22:**
Utvalsleiar innleia. Utvalet var klar på at dei denne gong ønskte eit prosjekt innan skule. Temaet «kvalitet i grunnskulen» var sett øvst i vedtatt plan, men utvalet valte i fjor å trekke prosjektet då kommunen blei med i statsforvaltaren sitt 3-årige skuleprosjekt, kalla «Oppfølgingsordninga».

Revisor kom med framlegg til ulike tema innan skule, som spesialundervisning, tilpassa opplæring, bruk av kartleggingsprøver, opplæringslova kap. 9-A om trygt og godt skulemiljø/mobbing.

Utvalet drøfta saka og kom fram til at dei ønskte eit prosjekt om arbeidsmiljøet ved Bokn skule med kartlegging opp mot trivsel på arbeidsplass, openheit og informasjonskanalar. Utvalet ønskte bruk av spørjeundersøking blant dei tilsette, og kor det også var mogeleg med opne svar. Revisor peika på at utvalet hadde få timar til forvaltningsrevisjon, men ville sjå på moglegheit for eit slik prosjekt.

**Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 23.11.22:**

*Bokn kontroll- og kvalitetsutval ber Rogaland Revisjon om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt «Arbeidsmiljøet ved Bokn skule» til neste møte på nyåret 2023.*

## SAK 26/22 MØTEPLAN FOR 2023

**Sekretariatet si innstilling:**
Bokn kontroll- og kvalitetsutval vedtar følgjande møteplan for 2023:
onsdag 15. februar, 3. mai, 13. september og 22. november kl. 18.00.
Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

**Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 23.11.22:**
Etter innspel frå nestleiar om at to av datoane ikkje passa med hans turnus, blei utvalet og utvalssekretær samd i å endre møtedato for desse møta til 22. februar og 6. september.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.11.22:**

*Bokn kontroll- og kvalitetsutval vedtar følgjande møteplan for 2023:*

*onsdag **22. februar, 3. mai, 6. september og 22. november kl. 18.00.***

*Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.*

## SAK 27/22 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 23.11.22

34. Statusrapport pr. november 2022
35. Innkalling til representantskapsmøte 23.11.22 – Haugaland brann og redning IKS
36. Innkalling til representantskapsmøte 30.11.22 – Haugaland Interkom. Miljøverk IKS
37. Innkalling til representantskapsmøte 09.12.22 – Haugaland Vekst IKS
38. Komm. Rapport - prof. Bernt: «Kan forfall til et fysisk møte erstattes med deltakelse på Teams?»
39. Komm. Rapport – prof. Bernt: «Møteboka skal innholde opplysn. om hvilke vedtak som ble fattet»
40. Statsforvaltar sin tilsynskonferanse 22.09.22 v/Ognøy
41. Rapport etter gruppearbeid ved Kontrollutvalgslederskolen 2022 i regi av FKT
42. Invitasjon til NKRF's kontrollutvalgskonferanse 1. – 2. februar – sjå www.nkrf.no

**Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 23.11.22:**
Sekretær gjekk igjennom sakene. Utvalet hadde ingen særskilte merknader.

Hans Jørgen Ognøy orienterte frå dagskonferanse i Stavanger 22.09.22. Kommunane opplevde tilsyn som ekstraarbeid, men at dei i etterkant var nøgd med å bli evaluert og som oftast blei tenestene forbetra.

Sekretær minna om NKRF sin Kontrollutvalskonferanse neste år og at det er venta stor pågang etter to år med pandemi. Påmelding starter i desember.

**Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 23.11.22:**

*Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene nr 34-42/22 til orientering.*

**YMSE**

Siste møtet for Hallsjø
I høve at det var siste møte for sekretariatsleiar Toril Hallsjø som møtesekretær, etter snart 15 år og 59 møte for Bokn, overrekte utvalsleiar blomar frå Bokn kommune. Ho takka henne for hennar arbeid i sekretariatet opp mot utvala i dei siste fire valperiodane og deira samarbeid som nestleiar og leiar i denne perioden, og ønskte ho lykke til som pensjonist på nyåret.

Dagleg leiar takka og informerte at styret i HKS IKS har tilsett seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie som ny dagleg leiar. Som ny rådgjevar vil Sjur Kristian Hatlen byrje i stillinga medio januar.

**Neste møte**: onsdag **22. februar kl. 17.00**

**Saker:** Orientering om oppvekst, prosjektmandat for nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt om arbeidsmiljøet v/Bokn skule og utvalet si årsmelding for 2022

Bokn, 23. november 2022

| | |
|---|---|
| Anne Løvereide Faye | Toril Hallsjø |
| Leiar (sign.) | utvalssekretær (sign.) |

**BOKN KOMMUNE** **Saksframlegg**

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Utval** | **Møtedato** | **Saksnr** |
| Kontroll- og kvalitetsutvalet | 22.02.23 | **2/23** |
| | | |

| **Saksansvarleg:** | **Arkivkode:** | **Arkivsak:** |
|---|---|---|
| Odd Gunnar Høie | 216 | |

# TINGING AV REVISJONSPROSJEKT – «BOKN SKULE - ARBEIDSMILJØ»

**Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Bokn kontrollutval tinger forvaltningsrevisjonsprosjektet «Bokn skule- arbeidsmiljø» i tråd med prosjektmandatet av 16.12.22 frå Rogaland Revisjon IKS (med dei endringar som kjem fram i møtet).

Ramma vert sett til 140 timar.

**Vedlegg:** «Bokn skule - arbeidsmiljø» - prosjektmandat frå Rogaland Revisjon, februar 2023

**Bakgrunn**
Ifølge forskrift om kontrollutval og revisjon skal kommunen jamleg bli gjenstand for forvaltningsrevisjon og/eller eigarskapskontroll i samsvar med gjeldande lover og reglar. Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024, som vart vedteken i kommunestyret 02.11.20, sak 114/20. Planen byggjer på risiko- og vesentlegs-vurderingar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2020..

Utvalet gjorde følgjande vedtak i møtet 23.11.22, sak 25/22:

> *Bokn kontroll- og kvalitetsutval ber Rogaland Revisjon om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt «Arbeidsmiljøet ved Bokn skule» til neste møte på nyåret 2023.*

Revisjonen har skissert følgjande føremål og problemstillingar:

> *Formålet med prosjektet er å undersøke korleis skulen arbeidar for å få til eit godt psykososialt arbeidsmiljø.*

Problemstillingar:

- *I kva grad har skulen etablert tiltak for å fremme eit godt psykososialt arbeidsmiljø?*
- *Korleis fungerer samarbeidet mellom fagarbeidarane, undervisningspersonell og leiinga?*
- *Korleis opplev dei tilsette det psykososiale arbeidsmiljøet på skulen?*
- *I kva grad er tillitsvalte og verneombod involvert i arbeidsmiljøarbeidet?*

Rogaland Revisjon IKS vil gjennomføra prosjektet i løpet av våren, for venteleg å levera rapport hausten 2023. Prosjektet er kostnadsrekna til eit arbeidsforbruk på 140 timar. Det er lagt inn eit budsjett for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontrollar på inntil 140 timar i 2023. Utvalet har førebels ikkje tinga andre prosjekt som vil belasta budsjettet for 2023.

Prosjektleiar vil vera Frøy Losnedal, og Silje Nygård vil vera kvalitetssikrar.

Kontrollutvalet må ved tinging vurdera om dei føreslåtte problemstillingane dekkjer det utvalet ønsker å oppnå med prosjektet. Utvalet kan komme med eigne innspel eller presiseringar i møtet.

Aksdal, 14.02.23

Odd Gunnar Høie
*Daglig leiar/utvalssekretær*

Rogaland Revisjon

Utarbeida av: Frøy Losnedal

Dato: 16.12.2022

PROSJEKTMANDAT

# Bokn skule - arbeidsmiljø

## Bokn kommune, 2023

### BAKGRUNN

Bokn kontrollutval bestilte i møtet 23.11.2022 ein forvaltningsrevisjon om Bokn skule sitt arbeidsmiljø.

Arbeidsmiljø er knytt til korleis ein organiserer, planlegg og gjennomfør arbeidet. Er det eit godt arbeidsmiljø, vil det bidra positivt til arbeidstakarane si helse og jobbengasjement, samt påverke resultat og produktivitet på arbeidsplassen. Ettersom kvar arbeidsplass er forskjellig, vil arbeidsmiljøarbeid krevje ulike tilnærmingar, men vi veit likevel frå forsking, kva faktorar som påverkar positivt:[1]

- Støttande og rettferdig leiing
- Balanse mellom krav og kontroll over eget arbeid
- Godt arbeidsklima
- Positive utfordringar
- Klare rollar og ansvarsforhold

Vi er kjent med at Bokn skule har hatt nokre utfordringar med ustabilitet i leiinga dei siste åra, som vi får oppgitt har påverka arbeidsmiljøet. Bedriftshelsetenesta gjennomførte ei arbeidsmiljøundersøking på skulen i januar 2021. Skulen har i etterkant utarbeida ein handlingsplan, kor forbetringsområda konsentrerer seg om rolleavklaring i personalet og i leiinga. Som ein del av revisjonen vil det vere naturleg å undersøke kva tiltak som har blitt iverksett, og kva effekt dette har hatt så langt.

### OPPDRAGET

| Bestilling: | Problemstillingar: |
| --- | --- |
| Kontrollutvalet i Bokn kommune bestilte 23.11.2022 ein | |

[1] Kjelde: Statens arbeidsmiljøinstitutt, STAMI: https://stami.no/hva-er-arbeidsmiljo/hva-er-psykososialt-arbeidsmiljo/

| | |
|---|---|
| forvaltningsrevisjon om arbeidsmiljøet ved Bokn skule.<br><br>Formål:<br>Formålet med prosjektet er å undersøke korleis skulen arbeidar for å få til eit godt psykososialt arbeidsmiljø. | • I kva grad har skulen etablert tiltak for å fremme eit godt psykososialt arbeidsmiljø?<br>• Korleis fungerer samarbeidet mellom fagarbeidarane, undervisningspersonell og leiinga?<br>• Korleis opplev dei tilsette det psykososiale arbeidsmiljøet på skulen?<br>• I kva grad er tillitsvalte og verneombod involvert i arbeidsmiljøarbeidet? |

Om datamaterialet tilseier det, kan revisor gjere mindre justeringar av problemstillingane undervegs. Større endringar i problemstillingane må avklarast med kontrollutvalet.

## REVISJONSKRITERIER

Revisjonskriterier er element som inneheld krav eller forventningar, og vil bli brukt til å vurdera funn i dei undersøkingane som blir gjennomført. Kriteria skal grunngjevast i, eller bli utleia av, autoritative kjelder innanfor det reviderte området. I dette prosjektet kan følgande kjelder vere aktuelle:

- Arbeidsmiljølova med forskrift
- Etablerte anbefalingar frå forskinga
- Kommunale føringar/planar
- Skulen sin handlingsplan

## METODE

Dette prosjektet blir avgrensa til å omhandle det psykososiale arbeidsmiljøet ved Bokn skule. Prosjektet vil bygge på dokumentanalysar av diverse rutinar, planar og statistikk, blant anna tal på sjukefråvær. For å få innsikt i status og arbeidet med det psykososiale arbeidsmiljøet, kan det vere aktuelt å gjennomføre ei spørjeundersøking retta mot alle tilsette i skulen, supplert med eit knippe intervju med leiinga og tillitsvalte/verneombod. Skulen har derimot relativt få tilsette, og vi vil vere avhengig av ein høg svarprosent for at dataene skal vere valide. Erfaringsmessig veit vi at det kan vere utfordrande å få ein høg nok svarprosent på slike spørjeundersøkingar, og det kan derfor vere meir hensiktsmessig å i staden gjennomføre intervju av eit betydeleg antall tilsette. Dette vil bli tatt stilling til undervegs.

## FRAMDRIFTSPLAN

- *Førebuing og oppstart* – våren 2023
- *Avslutting* – hausten 2023

Føresetnaden for framdriftsplanen er eit tett samarbeid med kommunen og andre aktuelle.

## PROSJEKTTEAM

Prosjektleiar: Frøy Losnedal, Forvaltningsrevisor
Kvalitetssikrar: Silje Nygård, leiar for forvaltningsrevisjon

Prosjektet vil bli gjennomført under leiing av oppdragsansvarleg og leiar for forvaltningsrevisjon Silje Nygård.
Om behov kan også andre ressursar i Rogaland Revisjon blir brukt.

## OMFANG

Tidsanslag til prosjektplanlegging, kartlegging, analyser og rapportering er 140 timar.

# BOKN KOMMUNE Saksframlegg

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Utval** | **Møtedato** | **Saksnr** |
| Kontroll- og kvalitetsutvalet | 23.02.23 | **3/23** |
| Kommunestyret | | |

| **Saksansvarleg:** | **Arkivkode:** | **Arkivsak:** |
|---|---|---|
| Odd Gunnar Høie | 033 | |

## KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET SI ÅRSMELDING 2022

**Sekretariatet sitt forslag til vedtak:**

Bokn kontroll- og kvalitetsutval godkjenner årsmelding for 2022 (evt. endringar/tillegg).

**og innstilling til kommunestyret:**

Bokn kommunestyre tek kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding for 2022 til orientering.

**Vedlegg:** Utkast til årsmelding for 2022

**Saksorientering:**

I følgje kommuneloven § 23-5 skal ”*kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget”.*

Utkast til årsmelding for kontrollutvalet si verksemd i 2022 følgjer vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2022 og gir eit samandrag av dei hovedsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan ei total oversikt over alle saker til handsaming.

Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontrollutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresendt.

Aksdal, 14.02.23

Odd Gunnar Høie
*Dagleg leiar/utvalssekretær*

# KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET I BOKN




# ÅRSMELDING 2022

## INNLEIING

Kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp og handsama i 2022.

I følgje kommunelova § 23-5 skal "***kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret***".

## 1. KONTROLLUTVALET SITT FØREMÅL

Kontrollutvalet er eit *lovpålagt* organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen gjennom rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon og selskap som kommunen eig eller er deleigar i (eigarskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og der er ei eige forskrift om kontrollutval og revisjon.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette. Utvalet har eige reglement, vedtatt av kommunestyret, fyrste gang i 2012 og det blei revidert i 2020 som følgje av ny kommunelov.

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene. Kontrollutvalet skal no ha minst fem medlem, og etter § 23-1 skal minst eit medlem veljast blant kommunestyret sine representantar. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet. Medlemmene kan heller ikkje vere medlem/varamedlem i andre utval, som har avgjerdsmakt, eller vere i styret eller bedriftsforsamlingar, der kommune har eigarinteresse.

## 2. MEDLEMMENE I UTVALET

For perioden 2019 - 2023 har kommunestyret valt følgjande medlemmer:

| | **Faste medlemmer** | Varamedlemmer: |
|---|---|---|
| ~~Leiar~~ | ~~Lars Øyvind Alvestad (Ap)~~ | 1. Fredrik Sunde Olaussen (H) |
| Leiar | Anne Løvereide Faye (Ap) | ~~Daghild Alvestad (Sp)~~ |
| Medlem | Kim Erik Larsen (H) | 2. Edgar Våge (H) |
| Medlem | Catharina Øvrebø (Sp) | 3. Tom Inge Aksdal (H) |
| Medlem | Hans Jørgen Ognøy (Krf) | 4. Ingrid Kallevik (Ap) |
| Medlem | Daghild Alvestad (Sp) | 5. Torstein Alvestad (Krf) |

Leiar Lars Øyvind Alvestad fekk fritak frå vervet i 2022 og kommunestyret valde nestleiar Anne Løvereide Faye til ny leiar. Ho er også utvalet sin kommunestyrerepresentant. Daghild Alvestad gjekk inn i utvalet som fast medlem. Utvalsleiar har møte- og talerett i kommunestyret, når utvalet sine saker blir handsama. Ho kan også overlate denne retten til andre medlem i utvalet.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Han har møtt på to av møta i 2022.

Kommunedirektøren har ikkje møterett, men kan bli invitert/kalla inn. Ho eller andre frå administrasjonen har delteke på alle dei fire møta i fjor.

Møta vert gjort kjent på sekretariatet sine heimesider (www.kontrollutvalgene.no) og skal også ligge på kommunen sine nettsider. Utvalet har ikkje vore nøgd med kommunen sin publisering når det gjeld sakspapir og protokollar på nettsidene og politikarportalen. Dette har utvalet tatt opp i 2022.

## 3. AKTIVITETEN I UTVALET I 2022

Kontrollutvalet har hatt **4** møte, fordelt på to møte på våren og to møte på hausten. Utvalet held sine møte på møterom Boknahåve, Bokna Arena. Utvalet sine møte er opne for alle, men dei skal eller kan bli lukka når det er heimla i lov.

Utvalet har i 2022 hatt **27** saker til handsaming, der **3** av sakene er vidaresendt til kommunestyret. **42** saker som er blitt lagd fram til orientering. Samla oversikt over saker følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

Det var ingen frå Bokn som deltok på konferansane i regi av Norges Kommune-revisorforbund (NKRF) eller Forum for kontroll og tilsyn (FKT).

## 4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontrollutvalets oppgåve er å drive systemkontroll. I dette ligg å sjå til at kommunen etterlever gjeldande lover og regler, når dei mål kommunestyret har sett og forvaltar ressursane på ein effektiv måte.

For å nå dette målet har kontrollutvalet innsyn i forvaltninga sine dokumenter og kan be om samtaler med rådmannen/administrativ leiing for kontroll med administrasjonen. Kontroll med det politiske nivået gjennomførast ved tilgang til alle politiske møte. Kontrollutvalet har også møterett om dørene er lukka – så sant det gjeld ein sak som gjeld kontroll og tilsyn.

Oppgåvene er knytte til kommunen sin eigenkontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer.

### 4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal rekneskapsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møtet 04.05.22, sak 13/22 kommunen sin årsrekneskap for 2021 til handsaming.

Årsrekneskapen viste eit positivt netto driftsresultat med 5,7 mill. kr, som utgjer 4,6 % av driftsinntektene. Resultatet var godt over teknisk berekningsutval sin tilrådde resultatmargin på 1,75%.

Kontrollutvalet hadde inga merknader til rekneskapet. Revisor hadde levert rein revisjonsmelding.

## 4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Bokn kommune sin plan for 2020-2024 blei vedteken av kommunestyret i møte 15.12.20, sak 57/20.

Arbeidet med planen starta 2020 på nyåret med eit risikospel og det blei utarbeida plan med risiko – og vurderingar der utvalet kom med si innstilling til kommunestyret. I følgje vedtatt plan er prioriteringslista følgjande:

1. *Kvalitet i grunnskolen*
2. *Sjukefråver og IA-arbeid*

- *Sosiale tenester i NAV*
- *Pleie og omsorg*
- *Økonomistyring og budsjett*
- *informasjonstryggleik*
- *Bokn Arena*

Rapport om **«Bokn Arena»** blei lagt fram for kontrollutvalet i november og for kommunestyret i desember. Revisor hadde peika på fleire forbetringspunkt, som var sett opp i 3 tilrådingar. Frist for tilbakemelding om oppfølging blei sett til ni månader. Tilbakemelding av oppfølginga er venta hausten 2023.

Kontrollutvalet valde i novembermøtet **«Bokn skule - arbeidsmiljø»** som nytt prosjekt for levering hausten 2023.

## 4.3 EIGARSKAPSKONTROLL

I følgje kommunelova er kontrollutvalet pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også utarbeide ein plan for gjennomføring av selskapskontroll.

Plan for 2020-2024 og retningslinene for slik kontroll blei vedtatt av kommunestyret i møte 15.12.20, sak 56/20 på bakgrunn av overordna analyse. I planen er «Overordna eigarskapstyring» sett opp.

Bokn kommunestyre vedtok sin fyrste eigarskapsmelding i 2021 for årene 2021-2024. I følgje meldinga er det nokre selskap som er vurdert som særskilt viktige for Bokn kommune. Desse er: Haugaland Næringspark AS, HIM IKS, Bokn Tomteselskap AS, Haugaland brann og HBR IKS og KH IKS.

Tilsyn med selskap kan også bli gjennomført ved at utvalet får orientering frå leiinga i eit kommunale selskap. I mai fekk utvalet orientering frå Bokn Tomteselskap AS.

## 4.4 REVISOR OG REVISJONEN SITT ARBEID

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor. Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte.

Rogaland Revisjon IKS har vore kommunen sitt revisjonsselskap frå 01.07.21. Samarbeidsavtalen om eigarskap i det interkommunale revisjonsselskapet Rogaland Revisjon IKS blei godkjent av kommunestyret i møtet 15.06.21.

Rogaland Revisjon IKS har, i tillegg til eigenerklæringar, presentert plan for revisjonsarbeidet, orientert om interimsrevisjonsarbeidet og lagt fram planar og risiko- og vesentlegvurderingar og utarbeida forvaltningsrevisjonsrapport.

## 4.5 ETTERLEVINGSKONTROLL

Kontrollutvalet skal mellom anna «*påse ….at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak….».* Revisor er derfor pålagt å gje ei *skriftleg* uttale til kontrollutvalet seinast 30. juni**.** Dette blir kalla «forenkla etterlevingskontroll».

Rogaland Revisjon IKS kom med si uttale for rekneskapsåret 2021 samstundes med godkjenning av årsrekneskapen. Revisor hadde undersøkt etterleving av regelverket for «offentlege anskaffingar». Attestasjonen var utan atterhald eller merknader.

## 4.6 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga kan også skje ved at utvalet får orientering frå kommunedirektøren om spørsmål og saker som utvalet har tatt opp. Utvalet har i 2022 fått generell orientering om helse og omsorg, oppvekst og kultur.

## 4.6 BUDSJETT/REKNESKAP – KONTROLLARBEIDET I KOMMUNEN

Økonomiavdelinga har opplyst følgjande rekneskapstal for 2022.

| | REGNSKAP 2021 | BUDSJETT 2022 | REGNSKAP 2022 |
|---|---|---|---|
| Godtgjersle, kurs, m.m. | 12 628 | 68 000 | 65 350 |
| Revisjonstenester | 246 423 | 466 000 | 540 070 |
| Sekretariatstenester | 123.200 | 128 000 | 128 000 |
| Sum utgifter eks. mva | **382 251** | **662 000** | **733 420** |

Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett for 2023 var på kr 689 500, med kr 67 500 til utvalet, kr 489 000 til revisjon og kr 133 000 til sekretariatstenester.

### 4.7 SEKRETARIATET FOR KONTROLLUTVALET

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS blei etablert i 2004.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med tre revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og med andre sekretariat, spesielt med Rogaland og Vestland.

Fast utvalssekretær har vore dagleg leiar Toril Hallsjø. Sekretariatet har eigne heimesider, www.kontrollutvalgene.no, kor mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpande.

Frå Bokn kommune er Kristoffer Joakim Are valt inn i representantskapet for IKSet med Lillian Grønnestad som varamedlem. Are deltok på representantskapsmøtet 25.04.22 i Aksdal.

## 5. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2022 har vore stort sett som planlagt. Utvalet og kommunestyret har handsama forvaltningsrevisjonsrapporten om «Bokn Arena».

Utvalet har fått ulike orienteringar frå mellom anna Bokn Tomteselskap AS, oppvekst, kultur og helse og omsorg.

Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt er gjort innan temaet «Bokn skule - arbeidsmiljø». Administrasjonen har gjort greie for saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året.

***

Bokn, 22.02.23

Anne Løvereide Faye
leiar

Kim Erik Larsen — Catharina Øvrebø

Hans Jørgen Ognøy — Daghild G. Alvestad

## OVERSYN OVER SAKER – BOKN KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL 2022

### Saker til handsaming:

1/22 Godkjenning av protokoll frå møtet 17.11.21
2/22 Orienteringar frå administrasjonen – område kultur
3/22 Oppfølging av revisor sine merknader til årsrekneskap for 2020
4/22 Tinging av forvaltningsrevisjon – prosjektmandat «Bokn Arena»
5/22 Revisor sine risiko- og vesentlegvurderingar – forenkla etterlevingskontroll 2021
6/22 Årsplan for 2022
7/22 Kontroll- og kvalitetsutvalet - årsmelding 2021
8/22 Referat- og orienteringssaker 09.02.22

9/22 Godkjenning av protokoll frå møtet 09.02.22
10/22 Orientering om Bokn Tomteselskap AS v/styreleiar
11/22| Plan for orienteringar i 2022 og 2023
12/22 Om kommunen sitt tilbod knytt til arbeidsmarkedstiltak
13/22 Uttale til årsrekeskap og årsmelding 2021 - Bokn kommune
14/22 Forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga 2021
15/22 Referat- og orienteringssaker 04.05.22

16/22 Godkjenning av protokoll frå møtet 04.05.22
17/22 Orientering frå administrasjonen – oppvekst/skule
18/22 Revisor sin eigenerklæring for 2022
19/22 Orientering om revisjonsstrategi og forenkla etterlevingskontroll for 2022
20/22 Kontrollarbeidet i kommunen - budsjettframlegg for 2023
21/22 Referat- og orienteringssaker 07.09.22

22/22 Godkjenning av protokoll frå møtet 08.09.21
23/22 Orientering frå administrasjonen – helse og omsorg
24/22 Forvaltningsrevisjonsrapport «Bokn Arena»
25/22 Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt i 2023
26/22 Møteplan for 2023 - kontroll- og kvalitetsutvalet
27/22 Referat- og orienteringssaker 23.11.22

***

# BOKN KOMMUNE Saksframlegg

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Utval** | **Møtedato** | **Saksnr** |
| Kontroll- og kvalitetsutvalet | 22.02.23 | **4/23** |
| | | |

| **Saksansvarleg:** | **Arkivkode:** | **Arkivsak:** |
|---|---|---|
| Odd Gunnar Høie | 033 | |

## REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 22.02.23

**Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene nr 1 – 8 til orientering.

**Vedlegg:**

1. Statusrapport pr. februar 2023
2. KST-vedtak 13.12.22, sak 55/22 – revisjonsrapport «Bokn arena»
3. Brev vedk. revisjonsrapporten «Bokn Arena» frå Tormod Våga, Lars Alvestad og Jan Erik Nygaard
4. Tertialrapport pr. 31.12.22 fra Rogaland Revisjon IKS
5. Protokoll fra representantskapsmøte i HIM IKS 30.11.22
6. NKRFs kontrollutvalgskonferansen 1. - 2. februar oppsummering v/sekretær
7. Invitasjon til FKTs fagkonferanse – 31.05 - 01.06.23 i Trondheim
8. Statsforvalteren i Rogaland - Informasjon om statlige tilsyn med kommunene i 2023

**Saksorientering:**
Vedlagt følger dei opplista tema (brev, melding og liknande) til kontrollutvalet til orientering.

<u>Pkt.3 – brev vedk. forvaltningsrevisjonsrapport «Bokn Arena»</u>
I etterkant av at rapporten om «Bokn Arena» har blitt handsama i kontrollutvalet og kommunestyret har det kome brev frå nokre personar (Våga, Alvestad og Nygaard) som deltok i arbeidet bygginga og drift av Bokn Arena.

I brevet kjem det fram at dei meiner at rapporten har mange feil og manglar. Tidlegare ordførar Tormod Våga har også tatt kontakt med sekretariatet på telefon. Han meiner at rapporten gir eit feil bilete av kva som hende og korleis arbeidet med hallen blei gjennomført. Våga meiner at revisjonen burde ha intervjua fleira av dei sentrale aktørane som deltok i prosessen med bygginga og drift av hallen.

Kommunedirektøren har opplyst at ho vil ta brevet med vidare når ho skal gi ei tilbakemelding om oppfølging av rapporten om ni månader.

Aksdal, 14.02.23

Odd Gunnar Høie
*Dagleg leiar/utvalssekretær*

# Bokn kontroll- og kvalitetsutval

## Statusoversyn februar 2023

### Saker frå tinging til handsaming i utvalet

| Tema | Tinging | Tidsbruk | Status | Ferdig dato | Merknader |
|---|---|---|---|---|---|
| Bokn skule - arbeidsmiljø | 22.02.23 | 140 timar | Prosjekt-mandat er ferdig | Hausten 2023 | |
| Eigarforhold KH IKS og kommunale hamner | 17.11.21, sak 24/21 | | | Innan 2022 | |

### Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i utvalet

| Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll | Tinga | Handsama i KU | Handsama i KST | Oppfølg-ing | Merknader |
|---|---|---|---|---|---|
| Bokn Arena | 09.02.22, sak 4/22 | 23.11.22, sak 24/22 | 13.12.22, sak 55/22 | Hausten 2023 | 120 t. |
| | | | | | |

### Avslutta prosjekt/orienteringar

| Tema | Bestilt | Handsama i KU | Handsama i KST | Fylgt opp i KU/KST | Merknader |
|---|---|---|---|---|---|
| Sjukefråvær i skule og barnehage | 16.06.20, sak 23/20 | 17.02.21, sak 3/21 | | 13.04.21, sak 14/21 | |
| Samanslåing av 1-3. klasse v/Bokn skule | e-post | 09.09.20, sak 19/20 | | | |
| Rus- og psykiatritenesta | 07.11.18. sak 18/18 | 22.05.19, Sak 7/19 | 18.06.19, sak 30/19 | 15.12.20, Sak 55/20 | 76 t. /9 mnd. |
| Plan for forvaltnings-revisjon 2020-2024 | 20.11.19, sak 22/19 | 11.11.20, sak 22/20 | 15.12.20, sak 57/20 | | Deloitte AS |

# ORIENTERINGAR

| **Oppvekst** | **04.05.22** | **22.02.23** | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Helse og omsorg | 04.05.22, sak 11/22 | 23.11.22 | | | Komm. Sjef Grethe Heimvik |
| Oppvekst | 04.05.22, sak 11/22 | 07.09.22, sak 17/22 | - | - | Komm.sjef Rundhaug |
| Bokn Tomteselskap AS | 17.02.21, sak 2/21 | 04.05.22, sak 10/22 | - | - | Lars S. Alvestad |
| Området kultur | 17.02.21, sak 2/21 | 09.02.22, sak 2/22 | - | - | Kultursjef og biblioteksjef |
| «~~Kvalitet i grunnskulen~~» Nå: Oppfølgingsordninga» | ~~26.05.21, sak 11/21~~ | Stansa 08.09.21 | - | - | RR, nå prosjekt i regi av SF |
| Orientering om skulen v/rektor | 17.02.21, sak 2/21 | 17.11.21, sak 22/21 | - | - | Rektor Wenche Havikbotn |
| Orientering om teknisk v/teknisk sjef | 17.02.21, sak 2/21 | 08.09.21, sak 15/21 | - | - | Teknisk sjef Anne Askeland |

## 055/22 Forvaltningsrevisjon - Bokn Arena

Kontroll og kvalitetsutvalet sitt framlegg til vedtak:

1. Bokn kommunestyre har merka seg det som kjem fram i forvaltningsrevisjonsrapport om «Bokn Arena» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.
3. Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontroll- og kvalitetsutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

### 13.12.2022 Kommunestyret

Behandling

Avrøysting - 16 voterande:

Kontroll- og kvalitetsutvalet si innstilling blei samrøystes vedteke.

### KS - 055/22 Vedtak:

Kommunestyret vedtek samrøystes:

1. Bokn kommunestyre har merka seg det som kjem fram i forvaltningsrevisjonsrapport om «Bokn Arena» og tek denne til orientering.

2. Rapporten vert oversendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.

3. Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontroll- og kvalitetsutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Bokn kommune

v/Rogaland Revisjon IKS
Ordførar i Bokn
Kommunedirektør
Leiar av kontrollutvalet i Bokn

**Vedk. rapport frå forvaltningsrevisjon 2022 – Bokn Arena.**

Underteikna – tidlegare ordførar, varaordførar og tidlegare rådman er gjort kjend med at det er laga ein rapport frå forvaltningsrevisjon 2022 – Bokn Arena. Rapporten som er utarbeida i forbindelse med Forvaltningsrevisjonen for Bokn Arena 2022 er eit offentleg dokument som skal leggast til grunn for ei politisk behandling. Verken tidlegare ordførar eller rådmann har vore intervjua i forbindelse med utarbeiding av rapporten eller bedne om å koma med innspel til innhaldet i rapporten. Tidlegare varaordførar har vore intervjua – truleg som fylgje av oppgåve han hadde med utleige og drift av hallen, men som det står i rapporten er opplysningar frå intervjuet ikkje tatt med i rapporten – noko vi kjem attende med i ein kommentar nedanfor.

Som tidlegare ordførar, varaordførar og rådmann i Bokn kommune i deler av den tidsperioden som rapporten omtaler, ser vi det som naturleg å medverka til at rapporten er mest mogleg korrekt – slik vi ser det.

Rapporten er på heile 26 sider, men oppbygginga av rapporten gjer at det er ein del gjentakingar i synspunkt og påstandar. Etter kva ein kan sjå lid rapporten av nokre faktafeil som ein ynsker å påpeike. I tillegg ynskjer ein også å knytte kommentarar til nokre av dei andre forholda som er kommentert i rapporten.

1. Opning av Bokn Arena

Bokn Arena sto ferdig i 2016 og hadde formell opning 1. oktober 2016 – ikkje i 2018 som er nemnd i rapporten. Jf. artikkel frå 2016 på kommunen si heimside om opninga av hallen.

2. Drift av hallen

Ansvar for den tekniske drifta av hallen blei lagt til teknisk.

Ansvar for aktivitetar, drift og tilsyn i hallen var, som det også er referert til i rapporten, tiltenkt lagt til ei nyoppretta stilling på 20%. Stillinga vart også lyst ut, men av forskjellige årsaker – hovudsakeleg økonomiske – vart det ikkje gjort tilsetting i stillinga – då varaordførar - som varaordførar – etter drøfting i formannskapet - var villig til å ta på seg desse oppgåvene på vegne av kommunen – utan økonomisk kompensasjon, Jf. også artikkel på kommunen si heimeside frå 2016 om varaordførars ansvar for drift av Bokn Arena.

3. Samarbeid om drift av Bokn Arena

Drifta av Bokn Arena har ikkje vore eit samarbeidsprosjekt mellom kommunen og organisasjonar og lag i kommunen, men har vore basert på rein kommunal drift med seksjon teknisk som ansvarleg for teknisk drift og varaordførar som kommunens ansvarlege for aktivitet i hallen, tilsyn og utleige frå oktober 2016 og ut 2019.

Varaordførar gjekk ut av politikken i Bokn ved valet i 2019, men på førespurnad aksepterte han å vidareføra dei oppgåvene han hadde hatt som varaordførar i forhold til drift av hallen – frå 2020 og inntil ein fann andre måtar å organisera dette arbeidet på. Dette var eit arbeid han gjorde utan noko form for løn eller godtgjering.

Bokn Arena blei som fylgje av Covid-19 stengt i store delar av 2020 og 2021.

4. Intervju med Lars Alvestad

Lars Alvestad gjennomførte intervju med Rogaland revisjon. I førespurnaden til intervjuet står det at «Referatet er kun til internt bruk».

Det blei laga eit referat frå intervjuet som blei sendt Lars Alvestad til uttale. Lars Alvestad gav tilbakemelding i e-post datert 25. mai «Referatet ser greit ut for meg».

Lars Alvestad blei på eit seinare tidspunkt merksam på at det i rapporten står at intervjuet med Alvestad ikkje er med i rapporten fordi han ikkje ville verifisere dette – noko som ikkje er korrekt. Dette blei påpeikt av Lars Alvestad i e-post til Rogaland revisjon av 14. desember.

